



Sindre Stensletten med søknaden som kommunen nå endeleg vil gjera noko med. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I samband med møtet i det nye næringsutvalet torsdag lovar ordførar Synnøve Solbakken at uskedelingen Sindre Stensletten skal få kjøpa det arealet han har søkt om i Børnes.

- Oppryddingsarbeidet på Børnes er i full gang. Stensletten skal få kjøpa slik han har søkt om. Han har venta altfor lenge, seier ordføraren til Kvinnheringen.

- Vi får håpa at det vert slik ordføraren lovar, seier Stensletten, som har fått tilsegn om kjøp utan at noko har skjedd. Han har hatt inne søknad i seks år og ynskjer å få to mål til utviding av verksemda si. No har han altfor liten plass i og ved det tidlegare vaskeriet i Herøysund og har så langt leigd noko areal av ein annan i Børnes..

Det nye næringsutvalet har fire medlemmer og utanom ordføraren sit Ole Torbjørn Holmedal (FrP), Gunnar Røsland (V) og Knut Prestnes (Sp) der.

Under møtet torsdag skal det også mellom ei rekkje andre sakar sjå på utkast til ei ny brosjyre med oversikt over alt næringsareal i kommunen.